



Dei toppar lista utan røystetillegg: Marit Elisebet Totland og Otto Benjaminson. (Foto: Ola Matti mathisen)

Kvinnherad KrF overlet valet fullt og heilt til veljarane. Med 13 mot 1 røyst vedtok dei under nominasjonsmøtet på AFA i kveld at det ikkje skal vera røystetillegg for nokon på deira liste.

Lista blir ikkje uventa toppa av Marit Elisebeth Totland og Otto Benjaminson som nummer 1 og 2. Dei sit også no i kommunestyret der partiet har 3 representantar.

Ved det førre valet var berre Benjaminson kumulert..

Lista som vart klubba gjennom utan stor diskusjon har stor overvekt til fordel for kvinnene, med 17 mot 10.

Ein annan overvekt var den geografiske, ettersom området innanfor Løfallstrand, Ølve, Varaldsøy, Matre og Åkra ikkje var representert.

Arne Lindeklev var ein av fleire som beklaga at det ikkje var nokre kandidatar frå Matre eller Åkra då partiet der har eit antatt stort potensiale.

Møtet vart difor avbrote og ein ringerunde fekk ein frå Matre på plass på lista - det var Magni Hegland på plass 21..

Leiar i nominasjonsnemnda Aslaug Hellesøy ga uttrykk for at fordelinga ikkje var ille når ein såg kommunen under eitt.

Medlem av nemnda, veteranen Leohnard Eik frå Uskedalen, sette fram forslag om å gje dei 2 første røystetillegg, men fekk ingen med seg på det. Eik er den einaste på lista frå Uskedalen - han er nummer 17.

Totland var imot røystetillegg for at veljarane skal få gje uttrykk for meininga si medan Benjaminson ikkje hadde nokre sterke meiningar om saka og fann gode argument for begge syn.

Til Kvinheringen seier Benjaminson at han aksepterar å hoppa ned ein plass.

- Marit er ein politisk kapasitet med brei erfaring inn i Regjeringskvartalet.

Når ho seier ho har kapasitet til å stå øvst er det ikkje unaturleg at ho får den plassen, seier Benjaminson.


Partiet har no 111 medlemmer etter at det er gjennomført 'listevask' og reduksjon av talet med rundt rekna 20. Under årsmøtet som vart avvikla forut for nominasjonen vart det uttrykt tilfredsheit over økonomien i eit valgår - dei har 38.000 kroner i banken.

Årsmeldinga kallar 2010 eit utfordrande år, men erkjenninga av behovet for fornying synes å ha breitt tilslutnad også lokalt. Det er framleis god stemning i den politiske verkstaden KrF Kvinnherad, stod det å lesa i årsmeldinga.

I meldinga frå kommunestyregruppa vart det peika på at partiet har markert seg og fått gjennomslag i fleire viktige saker, som næringsfondet, Rosendalstunet og kulturskulesenteret.

Årsmøtet attvalde Arne Gjellan som leiar for 2 år og Alf Jarle Langeland vart nytt styremedlem. Leif K. Kongestøl, Marit Lindekleiv og Frøydis Sjø var ikkje på val. Leiaren av kommunestyregruppa er fast medlem.

Av Ola Matti Mathisen



Arne Gjellan vart attvald for 2 år som leiar. (Foto: Ola matti Mathisen)